



Til
Det kongelige kunnskapsdepartement

Høring – framlegg til endringar i opplæringslova

Dykkar ref. 200706054-/BG, datert 05.12.2007

Med dette gir Det teologiske Menighetsfakultet sin høringsuttale om framlegga til endring av opplæringslova etter dommen mot KRL-faget i Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD).

Bakgrunn

Framlegga til endring av opplæringslova blir gjort for å imøtekomme kritikken mot KRL-faget frå EMD. Rammene for faget bør sjølvstøtt vere i samsvar med dei konvensjonskrava som Noreg er forplikta av, og som har forrang framfor anna norsk lovgjeving. I dette tilfellet er det tale om krava i Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Men ut frå premissane i dommen er det på ingen måte sjølvstøtt kva konkrete *endringar* som no bør gjerast i gjeldande lov og læreplan.

Dommen gjeld faget slik det var utforma i 1997. For å få eit klart overblikk over kva dommen krev, må domspremissane relaterast til faget slik det er i dag, etter revisjonane i 2002 og 2005. Dette reiser tre spørsmål som vi skal kommentere.

- 1) Kva endringar er gjort med rammene for faget på punkt som EMD har kritisert?
- 2) På kva punkt (som EMD har kritisert) er det ikkje gjort endringar?
- 3) Kva vil vere dei beste tiltaka for å endre dei punkta som står att?

I denne uttalen vil vi leggje størst vekt på å drøfte det siste spørsmålet, kva *tiltak* som vil vere dei beste slik situasjonen no er. Dei to første spørsmåla gjeld *premissane* for å vurdere tiltak. Høringsnotatet inneheld mykje relevant materiale til desse spørsmåla. Men særleg i forhold til det andre spørsmålet meiner vi høringsnotatet er for lite spesifikt.

Dommen i EMD i forhold til dagens fag

Høringsnotatet nemner med rette at dommen finn at dei overordna formåla med faget er i samsvar med krava om at obligatorisk undervisning skal vere objektiv og pluralistisk (punkta 88 og 89 i dommen). Ut frå dommen er det heller ikkje i strid med EMK at kunnskap om kristendommen utgjer *ein større del* av læreplanen enn kunnskap om andre religionar og livssyn. Ut frå den plassen kristendommen har i norsk historie og tradisjon, ligg dette innanfor

rammene av det staten kan fastsetje når det gjeld læreplanar (punkt 89). Dette punktet i dommen kommenterer høringsnotatet med å seie at *læreplanen* framleis vil kunne ha fleire kompetansemål om kristendommen enn om andre religionar og livssyn. Det er opplagt rett. Det som høringsnotatet derimot *ikkje* seier noko om, er at prinsippet om kvantitativ fordeling av lærestoff ut frå norsk historie og tradisjon, sjølvsagt også kan nedfellast i *lovverket*. Det er nettopp dette prinsippet ein har prøvd å formulere når § 2-4 i opplæringslova talar om *grundig* kjennskap til Bibelen og kristendommen *som kulturarv*, men berre om *kjennskap* til andre verdsreligionar og livssyn.

Når dommen kritiserer dette skiljet mellom kjennskap og grundig kjennskap, så er det først og fremst ut frå at § 2-4 den gongen også sa at den som skal undervise i faget, skulle ta utgangspunkt i skolen sin formålsparagraf. Dommen tolkar dette slik at det da er tale om det leddet i formålsparagrafen som seier at skolen skal hjelpe til med å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding (jf. punkta 90-92 i dommen). Som høringsnotatet også omtalar, vart referansen til formålsparagrafen fjerna frå § 2-4 etter uttalen frå FN sin menneskerettskomité i 2004, men formålsparagrafen vart som kjent ståande uendra. I denne samanhengen er poenget at dommen i EMD *ikkje* tilseier at det omtalte *prinsippet om fordeling av lærestoff* blir fjerna frå lova. Med den pågåande endringa av formålsparagrafen skulle det vere enkelt å formulere prinsippet på ein måte som klart ligg innanfor rammene av det EMK krev. For i alle framlegga frå Bostadutvalet har ein teke ut det leddet som dommen kritiserer, nemleg at skolen skal hjelpe til med å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding.

Vidare finn dommen det også uklart om evangelisk-luthersk *tru* i § 2-4 fekk ei kvalitativ særstilling samanlikna med andre kristne kyrkjesamfunn og med andre religionar og livssyn. I alle fall meiner dommen at den påpeikte framhevinga av kristendommen også har implikasjonar for at faget ut frå § 2-4 skal *fremje* forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar. Dette tyder på at det er tale om noko meir enn formidling av kunnskap (punkt 93).

Som høringsnotatet nemner, vart uttrykket "evangelisk-luthersk tru" endra til "evangelisk-luthersk kristendomsforståing" etter uttalen frå menneskerettskomiteen. Derimot vart det ikkje gjort endringar i punktet om å fremje kristne og humanistiske verdiar. Ut frå forarbeida til lova og den generelle delen av læreplanverket er det klart at "kristne og humanistiske verdiar" står som eit samla uttrykk for heile skolen sitt verdigrunnlag, der også menneskerettane er inkluderte (jf. L97, s. 17). På denne bakgrunnen gjev dommen ei nokså søkt tolking av dette leddet. Det tilseier at ein eventuelt finn andre ord for å uttrykkje at undervisninga i faget skal fremje forståing og respekt for skolen sitt verdigrunnlag (inkludert menneskerettane).

I forlenginga av denne kritikken peikar dommen også på uttrykksmåtar i *læreplanen* som blir tolka som uttrykk for at kristendommen får ei særstilling (punkt 93). Dette er uttrykksmåtar som vart endra alt i planen frå 2002. I gjeldande plan frå 2005 er det også lagt vekt på å nytte dei same uttrykksmåtene når det gjeld kompetansemåla knytte til kristendommen og til andre religionar og livssyn. For så vidt har ein alt teke omsyn til denne kritikken av læreplanen.

Før revisjonen i 2005 hadde § 2-4 eit ledd der det var tale om fritak frå m.a. *religiøse aktivitetar* i eller utanfor klasserommet. Det var tale om slikt som bønn, salmesong, utanåtlæring og dramatisering. Som høringsnotatet nemner, uttrykkjer dommen også otte for slike aktivitetar, særleg for dei yngste elevane (punkt 94). I 2005 vart leddet om fritak som kjent fjerna frå § 2-4. Ein revidert versjon av leddet vart innført som ny § 2-3a. Noko av poenget var å gjere det enno tydelegare at fritaksordninga gjeld for alle faga i skolen og skal

handterast på skolenivå av rektor. Uttrykket ”religiøse aktivitetar” vart erstatta av ”aktivitetar”, for å fjerne inntrykket av at skolen kan drive religionsutøving. Dersom aktivitetar i skolen likevel kunne *opplevast* som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn, vart det ikkje lenger stilt krav om å søkje, berre om å *melde* fritak. Dessutan innskjerpar den nye paragrafen krava til skolen om å gjennomføre fritak som er meldt, og om å gje tilpassa opplæring i slike tilfelle. Tilsvarande har læreplanen frå 2005 eit avsnitt om å vere varsam i val av arbeidsmåtar, særleg arbeidsmåtar som kan opplevast som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn (*KRL-boka 2005*, s. 10). Med desse endringane av lova og læreplanen har ein på vesentlege punkt teke omsyn til den kritikken som dommen rettar mot fritaksordninga i faget (punkta 96-100). Men det er også innslag i dommen som det *ikkje* er teke omsyn til i den reviderte fritaksparagrafen. Dommen stiller seg også kritisk til det punktet § 2-4 (fjerde leddet) som sa at skolen ved melding om fritak skulle søkje å finne løysingar ved å leggje til rette for *differensiert undervisning* innanfor læreplanen. Når det gjeld praktisering av dette punktet, la ein opp til eit skilje mellom *aktivitet* og *kunnskap*. Dommen meiner at det ikkje berre må ha vore vanskeleg å praktisere dette skiljet, men at det også er sannsynleg at det har gjort sjølve retten til delvis fritak mindre effektiv. I den samanhengen legg dommen vekt på at konvensjonen ikkje tek sikte på å garantere rettar som er teoretiske eller illusoriske, men som er praktiske og effektive (punkta 99-100).

Den samla konklusjonen i dommen er at KRL-faget frå 1997 er i strid med dei aktuelle konvensjonskrava, og at fritaksordninga ikkje kan kompensere for dette. Hovudargumentasjonen er at faget ikkje berre legg opp til ei kvantitativ, men også til ei kvalitativ særstilling for kristendommen samanlikna med andre religionar og livssyn. Konklusjonen byggjer særleg på at visse element i daverande § 2-4 og i læreplanen blir tolka i lys av formålsparagrafen sin tale om kristen og moralsk oppseding. Dessutan blir fritaksordninga kritisert.

Med dette har vi gjeve svar på dei to første spørsmåla vi formulerte. Når det gjeld det *første* spørsmålet, viser gjennomgangen at revisjonane av faget i 2002 og 2005 alt har teke omsyn til sentrale delar av kritikken i dommen. Læreplanen er i det alt vesentlege endra i tråd med kritikken. I store trekk gjeld tilsvarande også formuleringa av fritaksordninga i § 2-3a. Når det gjeld det *andre* spørsmålet, kan vi summere opp dei punkta dommen kritiserer, men som *ikkje* er endra etter 1997. Det gjeld først og fremst formålsparagrafen. Men der er det alt planlagt endringar. I alle framlegga frå Bostadutvalet har ein teke ut leddet om kristen og moralsk oppseding. Det som da særleg står att, er visse innslag i gjeldande § 2-4, nemleg skiljet mellom *kjennskap* og *grundig kjennskap* og punktet om at undervisinga skal fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar. Men det står også att spørsmål som gjeld fritaksordninga.

Vurdering av framlegga til tiltak

Fritaksordninga

I høringsnotatet går ein berre inn for eit mindre *tillegg* til det fjerde (nest siste) leddet i § 2-3a. Til kravet om informasjon om reglane for fritak føyer ein til at informasjonen også må gjelde *innhaldet* i opplæringa. Poenget med tillegget er at elevar og foreldre skal sikrast eit godt nok grunnlag for å vurdere spørsmål om fritak. Vi støttar at ein tek inn dette tillegget. Samtidig vil vi understreke at tillegget kjem i ein paragraf som gjeld alle faga i skolen, ikkje berre KRL-faget.

Vi etterlyser likevel ei *grundigare drøfting* av fritaksordninga i lys av dommen. Når ein samanliknar leddet om fritak i daverande § 2-4 (fjerde leddet) med den § 2-3a som

departementet foreslår, er det på ingen måte sjølvstendig at ein har teke tilstrekkeleg omsyn til dommen. Det skiljet mellom aktivitet og kunnskap som dommen kritiserer, var ikkje innarbeidd i lovteksten i § 2-4, men var formulert i eit rundskriv. I § 2-3a seier derimot *lova* uttrykkeleg at det ikkje kan krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i læreplanen. Dommen kritiserer også punktet om at ein ved fritak så langt det er råd skulle søkje å finne løysingar ved å leggje til rette for differensiert opplæring innanfor læreplanen. I § 2-3a blir det innskjerpa at skolen ved melding om fritak skal sjå til at fritaket blir gjennomført. Men skolen skal også leggje til rette for tilpassa opplæring. Med andre ord: Dommen går ut frå at differensiert (tilpassa) opplæring kan gjere retten til delvis fritak mindre effektiv, medan § 2-3a gjev pålegg *både* om å gjennomføre fritak *og* leggje til rette for tilpassa opplæring. Alt i alt: Kvifor tilseier ikkje da dommen at det blir gjort meir omfattande endringar i § 2-3a?

Det kan sjå ut for å vere bygd inn ei viss spenning i ordlyden i § 2-3a. Det *første* leddet formulerer det overordna prinsippet for fritak. Prinsippet er at elevane etter skriftleg melding frå foreldra skal få fritak frå *dei delane av undervisninga* ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn, eller opplever som støytande eller som krenkande. Det *andre* leddet slår så fast at det ikkje kan krevjast fritak frå opplæring om *kunnskapsinnhaldet* i dei ulike emna i læreplanen. Likevel foreslår departementet som sagt eit tillegg til det fjerde leddet, slik at skoleeigaren også blir pålagt å informere årleg om *innhaldet* i opplæringa. Skal tillegget passe inn i teksten, må ”innhaldet i opplæringa” referere til undervisninga slik ho konkret er planlagt ved den enkelte skolen, ikkje til det som blir kalla ”kunnskapsinnhaldet i (...) læreplanen”.

Ut frå dommen står det likevel att eit problem. Kan ein forsvare det skiljet som § 2-3a gjer mellom konkret (planlagt) undervisning (”aktivitetar m.m.”) og kunnskapsinnhaldet i læreplanen? I sak er grunngevinga for dette skiljet at fritaksordninga på ein balansert måte må sikre *både* foreldreretten *og* barna sin rett til likeverdig opplæring. Når skolen ved melding om fritak også skal leggje til rette for tilpassa opplæring, så er det nettopp ut frå retten til likeverdig opplæring. Korleis ein i dette tilfellet skal sikre balansen mellom ulike menneskerettskrav, er ikkje drøfta i dommen. Det dommen uttrykkjer ofte for, er at retten til delvis fritak i praksis ikkje skal bli effektiv. Det momentet er det teke omsyn til i når § 2-3a krev at skolen skal sjå til at fritak som er meldt, også blir gjennomført i praksis.

På denne bakgrunnen går vi ikkje inn for meir omfattande endringar i den generelle fritaksparagrafen.

Ein eigen paragraf om KRL-faget?

Høringsnotatet (s. 5) reiser spørsmålet om det framleis trengst ein eigen paragraf om dette faget når det likevel skal vere eit ordinært skolefag. Når ein likevel går inn for ein slik paragraf, er det med bakgrunn i at Noreg har fått ein dom mot KRL-faget. Da kan det vere på sin plass med ei særskilt ordning for å sikre at faget er i samsvar med menneskerettane. Det tilseier at ein lovparagraf bør sikre at undervisninga er objektiv, kritisk og pluralistisk, slik dommen krev.

Vi støttar at ein framleis har ein egen lovparagraf om KRL-faget (§ 2-4), og at det der også inngår ledd som gjer det klart at faget skal vere i samsvar med menneskerettane. Det er ikkje minst forholdet til foreldra og foreldreretten som tilseier dette. Men vi går mot at ein fjernar bestemmingane om mål og innhald for faget. For det første er det ingen ting i dommen som krev ei slik løysing. Ut frå dommen er det tilstrekkeleg å endre skiljet mellom *kjennskap* og *grundig kjennskap*, og gjere noko med formuleringa om å fremje kristne og humanistiske

verdiar. For det andre vil ei slik lovendring innebære at det overordna ansvaret for mål og innhald i faget blir *flytta frå Stortinget* som lovgjevar til departementet, som gjev forskrifter, i dette tilfellet utforma som læreplanar. Sidan faget også har ein sentral funksjon i norsk integreringspolitikk, meiner vi det overordna ansvaret for mål og innhald framleis bør liggje i Stortinget. Det fører rett nok til at faget framleis får ei særstilling i lovverket. Men det unngår ein heller ikkje med framlegget frå departementet, heller tvert imot. For dei krava om objektiv, kritisk og pluralistisk undervising som departementet vil ha inn i lova, det er krav som gjeld for *all* obligatorisk undervising, ikkje berre for undervisinga i KRL. Kvifor går ein ikkje da heller inn for ein paragraf i opplæringslova som formulerer tilsvarande krav til undervisinga i alle fag? Det ville i så fall svare til at fritaksparagrafen også er utforma generelt.

Mål og innhald for faget

I dommen er det som sagt ikkje retta kritikk mot at ein i lova har formulert prinsippa for mål og innhald i faget. Kritikken gjeld berre måten dette er gjort på. Dommen talar for at ein fjernar skiljet mellom kjennskap og grundig kjennskap. Men det er ikkje noko i vegen for at ein her formulerer det *prinsippet* som dette skiljet er meint å ivareta, nemleg at kristendommen – ut frå norsk historie og tradisjon – skal utgjere ein større del av faget enn andre religionar og livssyn. Dommen seier uttrykkeleg at eit slikt prinsipp ligg innanfor det ein stat har rett til å fastsetje. Høringsnotatet gjer det også klart at læreplanen framleis kan ha fleire kompetansemål om kristendommen enn om andre religionar og livssyn. Dersom ein vil gjere dette prinsippet forpliktande for framtidig læreplanarbeid, må det også gå fram av ordlyden i lova. Grunnen til at prinsippet også *bør* formulerast i lova, er at det skal vere med på å sikre eitt av elementa i den samansette felleskulturen som alle må få del i av omsyn til integreringa i eit fleirkulturelt samfunn.

Ei minimal endring av lova kunne vere å justere § 2-4 ved å fjerne ordet *grundig* frå det første leddet og omforme punktet om respekt for kristne og humanistiske verdiar. Med tanke på at formålsparagrafen er under omarbeiding, kunne ein til dømes seie at undervisinga skal fremje forståing og respekt for skolen sitt verdigrunnlag. Men eit slikt punkt kan også seiast å vere overflødig i og med at skolen sitt verdigrunnlag skal vere forpliktande for alle faga. Første leddet i § 2-4 ville etter eit slikt opplegg få denne ordlyden:

Undervisinga (...) skal

- *gje kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv*
- *gje kjennskap til evangelisk-luthersk kristendomsforståing og ulike kristne kyrkjesamfunn*
- *gje kjennskap til andre verdsreligionar og livssyn*
- *gje kjennskap til etiske og filosofiske emne*
- *(fremje forståing og respekt for skolen sitt verdigrunnlag)*
- *fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulike oppfatningar av trus- og livssynsspørsmål*

Mot ei slik utforming kan det innvendast at ein framleis set kristendommen i ei særstilling, ved å omtale kristendommen, men plassere islam, buddhisme, hinduisme, humanisme osv. under *andre* verdsreligionar og livssyn.

Dette problemet kunne ein prøve å løyse ved at ein også fjerna omtalen av kristendommen frå lova, slik høringsbrevet foreslår. I staden måtte ein da formulere det prinsippet om fordeling av lærestoff som er lagt til grunn for utforminga av det første leddet i § 2-4. Det kunne gjerast ut frå måten prinsippet blir uttrykt på i dommen. Da kunne dei tre første strekpunkta i § 2-4 slåast saman og til dømes formulerast slik:

Undervisninga (...) skal

- *gje kjennskap til ulike verdsreligionar og livssyn og gje dei plass ut frå kva rolle dei spelar i kultur og historie lokalt, nasjonalt og globalt*

Det som først og fremst talar *mot* ei slik løysing, er at ein let vere å omtale den konkrete konteksten for religions- og livssynsundervisninga i den norske grunnskolen. Omsynet både til foreldreretten og til integrerande sosialisering tilseier at undervisninga er kontekstuell forankra. Både majoritets- og minoritetslevar må da få høve til å lære om ulike religionar og livssyn med utgangspunkt i sine egne tradisjonar. Alle må også få møte ein samansette felleskultur som både omfattar kjennskap til kristen tru og tradisjon og til ulike religionar og livssyn.

Vi går inn for at ein i det første leddet i § 2-4 kombinerer likeverdige omtale med prinsippet om at kristendommen framleis skal utgjere ein større del av faget enn andre religionar og livssyn, ut frå norsk historie og tradisjon. Med ganske små endringar i lova kan alternativet t.d. formulerast slik:

Undervisninga (...) skal

- *gje kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv*
- *gje kjennskap til ulike kristne kyrkjesamfunn og gje dei plass ut frå kva rolle dei spelar i kultur og historie lokalt, nasjonalt og globalt*
- *gje kjennskap til verdsreligionar som jødedom, islam, hinduisme og buddhisme og til sekulære livssyn, og gje dei plass ut frå kva rolle dei spelar i kultur og historie lokalt, nasjonalt og globalt*
- *gje kjennskap til etiske og filosofiske emne*
- *(fremje forståing og respekt for skolen sitt verdigrunnlag)*
- *fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulike oppfatningar av trus- og livssynsspørsmål*

Eit fag i samsvar med menneskerettane

At faget skal vere i samsvar med menneskerettane, er det sentrale poenget i framlegget frå departementet. På bakgrunn av dommen er det også god grunn til å leggje vekt på dette omsynet. Men vi er svært kritiske til måten det blir gjort på i høringsbrevet. Framlegget til ny § 2-4 har denne ordlyden (med endringane i kursiv):

Religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Undervisninga i *religion, livssyn og etikk* skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulike oppfatningar i trudoms- og livssynsspørsmål.

Den som skal undervise i *religion, livssyn og etikk*, skal presentere *ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte* ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

Dei to første ledda i dette framlegget inngår også i dagens paragraf. Det problematiske punktet er det tillegget som seier at den som skal undervise (...), skal *presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte* ut frå deira eigenart. Det nye her er at ein nyttar dei juridiske omgrepa som uttrykkjer dei krava folkeretten stiller til all obligatorisk undervisning. Slik sett prøver ein å seie at undervisninga skal vere i samsvar med menneskerettane. Men nøyaktig det same poenget er tidlegare i paragrafen formulert på

ein annan måte, ikkje minst ved å seie at undervisinga ikkje skal vere forkynnande. Av forarbeida til lova går det tydeleg fram at poenget med denne formuleringa nettopp var å få fram krava i dei internasjonale konvensjonane (jf. Innst. O. nr. 95, 1996-97, s. 6). For så vidt er tillegget overflødig, sjølv om det i forhold til dei internasjonale organa kan framstå som ei velmeint intensjonserklæring. Men her ligg det to store problem. Det eine er at så lenge omgrepa ikkje er operasjonaliserte på ein tydeleg måte, er det svært uklart korleis dei skal tolkast didaktisk. Som kjent er det svært omstridt kva ein i pedagogisk eller didaktisk samanheng skal forstå med at undervisning er objektiv, kritisk og pluralistisk. Med god grunn ser vi også at Stortinget tidlegare har unngått å bruke dei juridiske omgrepa direkte i omtalen av faget. I staden har Stortinget prøvd å formulere folkeretten sine krav i eit språk som skal seie noko om kva krava inneber. Det andre problemet er at det ut frå ordlyden er *lærarane* som gjennom undervisinga får ansvaret for å tolke omgrepa didaktisk. Det er ganske meningslaust i ein situasjon der ein har ført sak heilt fram til menneskerettsdomstolen om kva omgrepa i praksis *inneber*, og der dommen har falle med 9 mot 8 røyster! Det er *styresmaktene* som har ansvaret for å sikre at undervisinga er objektiv, kritisk og pluralistisk, dvs. i samsvar med menneskerettane. Det må skje gjennom utforminga av *rammene* for faget. Det er da også *rammene* for faget som er vurderte i dommen frå EMD. I framlegget frå departementet blir styresmaktene sitt ansvar i forhold til menneskerettane i alt for stor grad plassert på lærarane.

Med denne grunngevinga meiner vi at det aktuelle tillegget i framlegget frå departementet ikkje bør kome inn i lova.

Namnet på faget

Høringsnotatet går inn for å endre namnet på faget frå Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL) til Religion, livssyn og etikk (RLE), sjølv om dommen ikkje kommenterer namnet. Grunngevinga er at det har vore retta kritikk mot at kristendomskunnskap er nemnt spesielt før andre religionar. Det gir kristendommen ei særstilling og skaper eit inntrykk av at kristendommen er noko anna enn andre religionar. Tanken er at ei endring av namnet vil vere eit viktig signal om kvalitativt likeverdig handsaming av alle religionar og livssyn. I denne samanhengen blir det også vist til at Kunnskapsløftet har gjennomgåande læreplanar, slik at det også vil vere ein fordel å ha eit namn som liknar på namnet som blir brukt på faget i vidaregåande skole, nemleg Religion og etikk.

Vi har eit noko pragmatisk forhold til spørsmålet om namn, sjølv om namnet opplagt også kan ha ein viktig symbolsk funksjon. Men det er ikkje namnet som avgjer korleis faget blir utforma. Da er det langt viktigare om og korleis prinsippa for faget blir formulerte i lova og konkretiserte i læreplanen

Det er ikkje vanskeleg å sjå at eit namn som RLE kunne ha sine fordelar. Ein ville bl.a. unngå å omtale ein konkret religion (kristendommen) og samle dei andre under dei allmenne omgrepa religion og livssyn. Ut frå eit slikt perspektiv er det dårleg samanheng i namnet KRL. For kristendom er som kjent ein av religionane, og religionane inneheld også livssyn. Men også RLE fører til eit visst rot med kategoriane. For religionane inneheld som sagt også livssyn, og både religion og livssyn inneheld etikk.

Eit hovudargument for RLE kan vere at ein vil bruke namnet til å markere symbolsk at ulike religionar og livssyn ut frå menneskerettane skal handterast som likeverdige i faget. Det er likevel ikkje sjølvsagt at Religion, livssyn og etikk da er det beste alternativet. Eit slikt namn

seier ikkje uttrykkeleg at faget krev *kunnskap*, det må underforståast. Både ut frå dommen og ut frå prinsippa for faget er det eit viktig skilje mellom kristendom eller religion (der det inngår utøving) og kristendomskunnskap eller religionskunnskap (der det ikkje er tilfelle). Av omsyn til foreldreretten er dette skiljet viktigare i grunnskolen enn i den vidaregåande opplæringa, der namnet som kjent er Religion og etikk. Vil ein *likevel* ha eit *felles* namn på faget i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, er det kanskje betre å velje Religion, etikk og livssyn (REL). Men i så fall vil det vere viktig å sikre faget sin eigenart i grunnskolen og ivareta omsynet både til foreldreretten og til elevane sin rett til opplæring.

Ut frå ei samla vurdering støttar vi likevel ikkje framlegget om å ende namnet. Namnet KRL er fastsett ut frå eit faghistorisk perspektiv. Ein utvikla eit *nytt* fagkonsept ved å slå saman skolefaga Kristendomskunnskap og Livssynskunnskap og styrkje religionskunnskapen i faget. Det er denne historia som blir avspegla i namnet. I utgangspunktet var namnet som kjent Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering, for å markere at kristendommen skulle utgjere det største innslaget i faget. Namnet vart så endra frå 2002, for at det klarare skulle uttrykkje tanken om kvalitativ og didaktisk likestilling i faget. Ved at kristendommen blir omtala spesielt, er namnet også eigna til å markere at kristendommen ut frå kultur og historie skal ha større plass i faget enn andre religionar og livssyn. Slik signaliserer namnet også det kontekstuelle prinsippet som er lagt til grunn for faget forstått som eit fag for integrerande sosialisering. Dommen er heller ikkje til hinder for å vidareføre namnet med ei slik grunngjeving.

Ei endring av namnet kan også signalisere eit tydelegare tradisjonsbrot enn det er grunnlag for. Det kan gje eit feilaktig inntrykk av at ein no lagar eit heilt nytt fag. Det skaper lett uro blant mange foreldre og gjer dei usikre i forhold til faget. Av omsyn til foreldra og foreldreretten bør ein ha gode grunnar for å endre eit namn som er innarbeidd over ein periode på ti år. Endringane som blir gjort i lova og læreplanen etter dommen, vil i alle fall vere tydelege uttrykk for at faget skal respektere menneskerettane.

Oslo, 01.02.08

Med vennlig hilsen for
Det teologiske Menighetsfakultet,



Vidar L. Haanes